



# Risiko- og beskyttende faktorar

	Risikofaktorar	Beskyttelsesfaktorar	
<b>Individuelle</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Liten grad av sjølvkontroll</li> <li>Dårleg sjølvbilete og psykisk plagar</li> <li>Lite språk og låg språkforståing</li> <li>Høg grad av aggresjon</li> <li>Utagerande, sensasjonssøkande</li> <li>Stille og innadvent</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utsett for seksuelle, fysiske overgrep</li> <li>Vere vitne til- eller bli utsett for vald</li> <li>Positive haldningar til rus og tidleg debut</li> <li>Manglande kunnskap om rus og risiko</li> <li>Framtidspessimisme</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Medfødt robustheit og kapasitet</li> <li>Sosial kompetanse</li> <li>Godt sjølvbilete</li> <li>Godt språk og språkforståing</li> <li>Oppløving av meining og samanheng</li> <li>Kreativitet og hobbyar</li> <li>Framtidsoptimisme</li> </ul>
<b>Familie</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Manglande tilsyn og interesse for barnet</li> <li>Vanskar med tilknytning mellom barn og nære omsorgspersonar</li> <li>Dårleg samspel i familien og mykje konflikt</li> <li>Tillatande/ ettergjevande oppdragarstil</li> <li>Seksuelle og fysiske overgrep</li> <li>For barn gjev det auka risiko dersom foreldra strevar med psykiske lidingar, rusmiddelbruk, Fattigdom eller har låg omsorgskompetanse</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Godt samspel og god kommunikasjon i familien</li> <li>Autoritativ oppdragarstil (Varme, kontroll, struktur og reglar)</li> <li>Høgare sosioøkonomisk status</li> <li>God og stabil omsorgssituasjon</li> <li>Barnet har tilgang til andre vaksne som har positive kjensler for barnet, investerer tid i dei og har god omsorgskompetanse</li> </ul>	
<b>Vennar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utestenging</li> <li>Låg sosial status i gruppa/ blant vennar</li> <li>Rusmisbrukt og kriminalitet blant vennar</li> <li>Vennar med antisosiale normer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Inkludert</li> <li>Tydlege normer</li> <li>Tilknytning</li> <li>Prososiale vennar</li> </ul>	
<b>Skule Og Barnehage</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Låg grad av trivsel</li> <li>Vert utestengt, dårleg likt</li> <li>Ingen eller dårlege vennar</li> <li>Vert ikkje sett eller anerkjent</li> <li>Dårleg relasjon til dei vaksne og andre barn</li> <li>Lite rom for å medverke</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dårleg barnehage- skule- og klasse miljø</li> <li>Mobbing</li> <li>Lese- og skrivevanskar</li> <li>Skulking og mykje fråvær</li> <li>Manglande interesse for skulen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Høg grad av trivsel</li> <li>Har vennar, er inkludert i gruppa og kjenner på tilhøyrse</li> <li>Bli sett, anerkjent og får medverke</li> <li>Vaksne som tek ansvar for relasjonen</li> <li>Får utvikla sin kompetanse</li> <li>Får delta i positive aktivitetar og oppløvingar</li> </ul>
<b>Nærmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Få ressursar til førebyggjande arbeid</li> <li>Dårleg bustadmiljø</li> <li>Fattigdom og kriminalitet</li> <li>Tilgang på rusmiddel, og normer som aksepterer konsum av dette</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Minst ein avgjerande vaksen</li> <li>Prososiale vennar</li> <li>Felles verdiar</li> <li>Samfunnsstrukturar som støttar meistringsstrategiar</li> </ul>	

Kvello (2016)



### Kva er risiko- og beskyttelsesfaktorar?

- Risikofaktor er ei fellesnemning på forhold som aukar faren for at ein person utviklar psykiske og/ eller sosiale vanskar
- Beskyttelsesfaktorar er ressursar som dempar sannsynet for at personar ramma av risikofaktorar utviklar vanskar
- Risiko- og beskyttelsesfaktorar omfattar både genetiske, biologiske, mentale, miljømessige- og sosiale faktorar

### Punkt som bør inkluderast i ein god vurdering av korleis risiko- og beskyttelsesfaktorar kan påverka barnet

For risikofaktorane	For beskyttelsesfaktorane
<ul style="list-style-type: none"><li>• Tal risikofaktorar (Di fleire risikofaktorar barnet opplever di større risiko for skeivutvikling)</li><li>• Kor alvorlege dei er/ intensiteten i dei. Det vil sei kor omfattande er dei og derav kor sannsynleg er det at dei får konsekvensar for barnet si utvikling og livskvalitet</li><li>• Varigheit, kor lenge har dei påverka barnet sitt liv. Di lenger risikofaktorane varar di meir aukar risikoen for at dei har negativ innverknad på barnet sitt liv. Generelt kan ein sei at dei midlertidige risikofaktorane mindre skadelege enn de langvarige (kroniske)</li><li>• Tal mikromiljø risikofaktorane omfattar. Tal risikofaktorar har sterkare verknad på barnet si utvikling, men det vert rekna som ekstra uheldig dersom det er alvorlege risikofaktorar innan fleire eller alle mikromiljøa barnet er i</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• At beskyttelsesfaktoren er beskyttande i type overfor den risikofaktoren som barnet er utsett for</li><li>• At beskyttelsesfaktoren har same varigheit/ intensitet som den risikofaktoren den skal verka beskyttande mot.</li><li>• Tal beskyttelsesfaktorar (indikerer grad av ressursar i barnet sitt oppvekstmiljø).</li><li>• Konklusjon om risikostatus:<ul style="list-style-type: none"><li>○ 3 – 4 risikofaktorar (etter justering frå beskyttelsesfaktorane) = barnet er risikoutsett</li><li>○ 5 eller fleire risikofaktorar = Barnet er høgrisikoutsett</li></ul></li></ul>

*Risiko- og beskyttelsesfaktorar er atskilte dimensjoner i betydningen at når personer skårer tilstrekkelig lavt på en risikodimensjon, blir den ikke automatisk en beskyttelsesfaktor. Hvis foreldre f.eks. ikke er emosjonelt overinvolverende overfor barnet, innebærer ikke det at foreldrenes omsorgsutøvelse overfor barnet blir en beskyttelsesfaktor, fordi den kan være dårlig selv om den ikke har den nevnte karakteristikum. Det er med andre ord et innfløkt samspill mellom risiko- og beskyttelsesfaktorar som forklarar hvordan mennesker utvikler seg, og den livskvaliteten de opplever å ha (Kvello, 2016).*